



Stølsheimen
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval: **Stølsheimen verneområdestyre**
Møtestad: Digitalt møte, Teams
Dato: 28.04.2023
Tidspunkt: 09:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Møtet vert gjennomført som digitalt møte på Teams.

Saksliste

| Utvalgs- saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv- saksnr |
|--------------------|---|--------|------------------|
| ST 8/23 | Godkjenning av innkalling og dagsorden | | |
| ST 9/23 | Val av styremedlem til å skrive under protokollen | | |
| ST 10/23 | Orienteringar og referatsaker | | |
| RS 5/23 | Dispensasjon - delegert vedtak - endring - Mørkves-Grøndalen - motorferdsel med snøskuter - materialtransport | | 2023/2972 |
| RS 6/23 | Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Grøndalen - motorferdsel med snøskuter - materialtransport | | 2023/2972 |
| RS 7/23 | Delegert vedtak - dispensasjon - Stølsheimen landskapsvernområde - Finnabotnen - motorisert ferdsel i samband med restaureringsarbeid | | 2020/2589 |
| RS 8/23 | Svar på søknad - Stølsheimen landskapsvernområde - dispensasjon for kartlegging av vegetasjon overvåkingsprogrammet "Arealrepresentativ naturovervåking" (ANO) - 2023 | | 2023/6001 |
| ST 11/23 | Stølsheimen landskapsvernområde - Åsedalen - ny heilårsbru | | 2023/4541 |

ST 8/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 9/23 Val av styremedlem til å skrive under protokollen
ST 10/23 Orienteringar og referatsaker



**Stølsheimen
verneområdestyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Onstadvegen 25
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5764 3129
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/stolsheimen>

JON BJARNE MIDLANG
Fjærestadvegen 92
6893 VIK I SOGN

Saksbehandlar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2023/2972-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 13.04.2023

Delegert vedtak

| | |
|----------------|--------|
| Delegasjonssak | 6/2023 |
|----------------|--------|

Dispensasjon - delegert vedtak - endring - Mørkves-Grøndalen - motorferdsel med snøskuter - materialtransport

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke av Stølsheimen verneområdestyre 05.10.2015, vert det gjort fylgjande vedtak:

Stølsheimen verneområdestyre endrar løyvet til Jon Bjarne Midlang for transport med snøskuter til Mørkves-Grøndalen. Løyvet gjeld 5 turar med 1 snøskuter for transport av materiale i samband med opprydding av stølshuset i Mørkves-Grøndalen, og inntil 2 turar til transport av ved til Skjervheims-Grøndalen. Transportruta er mellom Rv. 13 i starten av Sendedalen til Mørkves-Grøndalen og Skjervheims-Grøndalen.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 6, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for inntil 5 turar (tur/retur) frå 14. april til 30. april 2023. Køyringa skal avgrensast til inntil 3 dagar.
- Transporten til Skjervheims-Grøndalen skal køyrast samtidig med turane til Mørkves-Grøndalen. Dette er transport for stølsrettshavarar i Skjervheims-Grøndalen.
- Av omsyn til friluftslivet, skal det om mogleg ikkje køyrast på søndagar.
- Det skal køyrast på den vanlege køyretraseen inn Sendedalen.
- Snøskuterkøyringa skal avgrensast til det som er naudsynt for transport av ved til stølshusa, og til transport av materiale frå Mørkves-Grøndalen.
- Det skal meldast frå til SNO (tlf. 97097720) før turen startar. Han vil kunne gje melding om det er observert villrein i området.
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv. Dersom det er villrein i området, må det visast særskilt omsyn for ikkje å uroa dyra.
- Køyrebok skal fyllast ut før turen starar. Køyrebok og dette løyvet skal vera med under transport.



Søknaden

Jon Bjarne Midlang har ikkje fått gjennomført transporten til Mørkves-Grøndalen som planlagt, og innanfor tidsperioden 27. februar – 10. april i år. Han søker difor om å få gjennomføra planlagt transport i tida fram til 1. mai. Transporten er i samband med opprydding i stølshuset i samband med eigedomsoverdraging. I tillegg transporterer han ved til Skjervheims-Grøndalen dersom grunneigarane har trong for transport.

Dokumenter i søknad og lovgrunnlag

Viser til vedlegg med delegert sak 3/2023 for dokumentasjon i saka og lovgrunnlaget.

Vurdering

Området det vert søkt om transport gjennom er i Stølsheimen landskapsvernområde og Fjellheimen villreinområde. I interkommunal villreinplan for dette området står det i retningslinjene om motorferdsel at det i tida 10. april – 1. juli ikkje bør gjevast løyve til motorferdsel i eller nær kjende kalvingsområde, og dersom det er kunnskap om at villreinen er i området. Verneområdeforvaltninga har lagt desse retningslinjene til grunn i si handsaming av søknader om motorferdsel i dette området.

Planlagt transportrute går gjennom eit område som er kartlagt som kalvingsområde. Det er ikkje ny kunnskap om at dette kalvingsområde har vore nytta etter 1970. Villreinen kan ta området i bruk att, og det er difor viktig å ha god kunnskap om kvar villreinen er på ettervinteren for å unngå uro i ei sårbar tid for villreinen. Forvaltar har fått informasjon frå SNO om at det ikkje er kjente observasjonar av villrein i dette området no, og at forstringsflokkane er i austlege deler av villreinområdet. Det er difor liten fare for at transporten vil vera i nærleiken av villrein i april i år.

Det er eit mål at villreinen skal kunne ta heile leveområdet i bruk. Det er viktig å ha god kunnskap om kvar villreinen er på vinteren og ettervinteren, for å unngå at villreinen vert hindra i å ta i bruk heile området. Transport i og i nærleiken av registrerte kalvingsområde bør gjennomførast før 10. april for å unngå uro i dei mest sårbare leveområde for villrein.

Med bakgrunn i kunnskapen vi har om villreinen i området, har forvaltar lagt denne kunnskapen og vurderingane i delegert sak 3/2023 til grunn for vedtaket i denne saka. Viser til vedlegget med vedtak i delegert sak 3/2023. Med dei vilkåra som er sett for løyvet, og vurderingane etter nml. §§ 8 – 12, meiner forvaltar transporten kan gjennomførast med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde.

Informasjon om klagerett

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing



Anbjørg Nornes
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Grøndalen - motorferdsel med snøskuter - materialtransport
- 2 Køyrebok Stølsheimen Ivo

Kopi til:

| | | | |
|---|--------------|------|------------|
| Vik kommune | Postboks 134 | 6891 | VIK I SOGN |
| Statsforvaltaren i Vestland | Njøsavegen 2 | 6863 | LEIKANGER |
| SNO Aurland | | | |
| Villreinemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell | | | |
| Voss herad | Postboks 145 | 5701 | VOSS |



**Stølsheimen
verneområdestyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Onstadvegen 25
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5764 3129
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/stolsheimen>

Jon Bjarne Midlang
Fjærestadvegen 92
6893 Vik I Sogn

Saksbehandlar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2023/2972-2 432.2

Dykkar ref.

Dato 21.02.2023

Delegert vedtak

| | |
|----------------|--------|
| Delegasjonssak | 3/2023 |
|----------------|--------|

Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Grøndalen - motorferdsel med snøskuter - materialtransport

Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke av Stølsheimen verneområdestyre
05.10.2015, vert det gjort fylgjande vedtak:*

Stølsheimen verneområdestyre gjev Jon Bjarne Midlang løyve til 5 turar med 1 snøskuter for transport av materiale i samband med opprydding av stølshuset i Mørkves-Grøndalen, og inntil 2 turar til transport av ved til Skjervheims-Grøndalen. Transportruta er mellom Rv. 13 i starten av Sendedalen til Mørkves-Grøndalen og Skjervheims-Grøndalen.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 6, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for inntil 5 turar (tur/retur) frå 27. februar til 10. april 2023. Køyringa skal avgrensast til inntil 3 dagar.
- Transporten til Skjervheims-Grøndalen skal køyrast samtidig med turane til Mørkves-Grøndalen. Dette er transport for stølsrettshavarar i Skjervheims-Grøndalen.
- Av omsyn til friluftslivet, skal det ikkje køyrast på søndagar, helgedagar og frå palmefredag til 2. påskedag.
- Det skal køyrast på den vanlege køyretraseen inn Sendedalen
- Snøskuterkøyringa skal avgrensast til det som er naudsynt for transport av ved til stølshusa, og til transport av materiale frå Mørkves-Grøndalen.
- Det skal meldast frå til SNO (tlf. 97097720) før turen startar. Han vil kunne gje melding om det er observert villrein i området.
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv. Dersom det er villrein i området, må det visast særskilt omsyn for ikkje å uroa dyra.
- Køyrebok skal fyllast ut før turen starar. Køyrebok og dette løyvet skal vera med under transport.



- Det skal sendast skriftleg rapport eller retur av køyrebok til Stølsheimen verneområdestyre innan 1. mai 2023. I rapporten skal det vera med opplysningar om dato for transport og tal turar.


Me gjer merksam på at dette løyvet berre er behandla etter verneforskrifta, og at det i tillegg må innhentast naudsynt løyve til motorferdsle frå Voss herad.

Dokumenter i saken

- Søknad om løyve til transport av materiale frå Grøndalen, *Jon Bjarne Midlang*, 16.02.23

Søknaden

Jon Bjarne Midlang søker om inntil 10 turar med snøskuter til stølen Mørkves-Grøndalen våren 2023. Han skal rydde opp i og rundt stølshuset i samband med eigedomsoverdraging. På telefon opplyser han at det er vanskeleg å sei kor mange turar det er trong for, men det er truleg nok med 5 turar. Han vil søkja om fleire turar dersom det viser seg å vera bruk for transport av meir materiale og utstyr. Dersom stølseigarane i Skjervheims-Grøndalen treng transport av ved til stølshusa, vil han ta med ved på turen frå Rv. 13 til stølane.



Køyretrase. Utklipp frå Fylkesatlas



Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.1990
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 - 2017

Verneforskrift og verneformål

«Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep» jf. verneforskrifta pkt. III. Området skal kunne nyttast til landbruk, og det skal kunne utøvast enkelt friluftsliv, jakt og fiske. Vidare seier reglane i forskrifta at motorferdsle på land og innsjøar, og landing med luftfartøy er forbode, jf. pkt. IV nr. 4. Verneområdestyret kan gje løyve til «*naudsynt transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene, transport av materiale og utstyr i samband med bygging, transport i samband med jakt, og elles når særlege grunnar ligg føre*» jf. pkt. VI nr. 6.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Motortransport er i utgangspunktet ulovleg i verneområdet, og skal avgrensast til det som er naudsynt. Søknaden gjeld transport av materiale og utstyr frå opprydding i stølshuset i Mørkes-Grøndalen. Jon Bjarne Midlang har stølsrett i Mørkes-Grøndalen. Han har avtale om snøskutertransport med 2 andre grunneigarar frå Vik i Skjervheims-Grøndalen, og 2 grunneigarar frå Vik som har stølsrett i Skjervheims-Grøndalen. Dersom desse grunneigarane har bruk for transport av ved, vil han køyra ned til Skjervheims-Grøndalen når han har transport til Mørkes-Grøndalen. Ingen av desse grunneigarane har beitedyr i området i dag, men stølshusa vert nytta i fritidssamanheng. Det er positivt at stølshusa vert tatt vare på og nytta. Stølshusa er ein viktig del av kulturlandskapet i Stølsheimen, og er ein del av verneverdiane. Transport av materiale og utstyr i samband med bygging, eller når særlege grunnar tilseier det, er tiltak det kan gjevast løyve til etter verneforskrifta. I forvaltningsplanen er naudsynt transport av materiale, ved og gass til stølshusa vurdert til å vera i tråd med reglane i verneforskrifta. Stølsheimen verneområdestyre har gitt løyve til denne transport også tidlegare år. Med bakgrunn i tidlegare vedtak, vert denne søknaden handsama som delegert sak.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan og rapportar om stølar i Stølsheimen (rapport nr. 4 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane). Villrein nyttar av og til dette området på vinterstid. Siste vintrane har villrein vore registrert i området nær Sendedalen og Grøndalen jf. registreringar av SNO. Det er viktig å avgrensa motorferdsle i området til naudsynt transport for å unngå uro av villreinen på ettervinteren. Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell har i sin kommentar til tidlegare saker påpeika at Sendedalen kan vera sårbart område. Dette er eit viktig trekkområde for villrein der dei kryssar Rv. 13. Transportruta frå Rv. 13 til stølane er forholdsvis kort, og villreinnemnda oppmodar difor om at det vert køyrt fleire turar pr. dag for å redusera dagar med motorferdsel. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 vart vurdert som godt for og vurderer saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 vert difor tillagt liten vekt.



Sendedalen er eit mykje nytta friluftsområde, og om vinteren er det mange som går på ski innover dalen. Det er viktig å ta omsyn til dei strenge reglane for motorferdsel slik at omfanget av uro for folk og dyr blir minst mogleg. Forvaltninga skal vurdere den samla belastninga på området og økosystemet jf. nml. § 10. Den totale motorferdsla i området har vore aukande siste åra, og forvaltninga vurderer det som viktig å avgrensa motorferdsla for å unngå for stor belastning på naturmiljøet. Det er svært positivt at grunneigarane samordnar transporten. Det er med å avgrensa motorisert ferdsel i verneområdet. Turane bør gjennomførast på inntil tre dagar for å samla motorferdsla til færrest mogleg dagar.

Frakt av materiale med snøskuter vil vera ein praktisk god løysing som ikkje gjev varige spor i terrenget. Det vert vurdert som ein miljøforsvarleg metode jf. nml. § 12, då dette ikkje påverkar verneverdiane utover den tida transporten føregår. Forvaltar vurderer transporten til å vera i tråd med det som forvaltninga kan gje løyve til etter verneforskrifta og forvaltningsplanen, men med vilkår om å avgrensa køyringa til naudsynt transport.

Nml. § 11 er ikkje vurdert i denne saka, då tiltaket lite truleg vil føra til miljøforringing.

Informasjon om klagerett

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Anbjørg Nornes
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Køyrebok Stølsheimen Ivo

Kopi til:

| | | | |
|---|--------------|------|------------|
| Voss herad | Postboks 145 | 5701 | VOSS |
| SNO Aurland | | | |
| Vik kommune | Postboks 134 | 6891 | VIK I SOGN |
| Villreinemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell | | | |
| Statsforvaltaren i Vestland | Njøsavegen 2 | 6863 | LEIKANGER |





**Stølsheimen
verneområdestyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Onstadvegen 25
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5764 3129
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/stolsheimen>

NILS KVAMME
Kråvegen 29
6893 VIK I SOGN

Saksbehandlar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2020/2589-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 19.04.2023

Delegert vedtak

| | |
|----------------|--------|
| Delegasjonssak | 7/2023 |
|----------------|--------|

Delegert vedtak - dispensasjon - Stølsheimen landskapsvernområde - Finnabotnen - motorisert ferdsel i samband med restaureringsarbeid

Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke av Stølsheimen verneområdestyre
05.10.2015, vert det gjort fylgjande vedtak:*

Stølsheimen verneområdestyre gjev Nils Kvamme løyve til å nytta gravemaskin i
Finnabotnen i samband med opprydding av bål plass ved sjøen.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI
nr. 6. Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i inntil 3 dagar i perioden frå 22. mai til 1. september 2023.
- Det kan nyttast ei gravemaskin på inntil 2 tonn.
- Gravemaskinføraren er ansvarleg for at det ikkje er lekkasje av olje eller drivstoff under arbeidet.
- Ved bruk av gravemaskin skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Bruk av gravemaskina skal avgrensast til det som er strengt naudsynt for opprydding av bål plassen i strandsona. Gravemaskina skal fraktast ut av området straks tiltaket er gjennomført.
- Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (mob. 97097720) skal ha melding seinast dagen før arbeidet startar.
- Det skal sendast skriftleg rapport om bruk av gravemaskina til sekretariatet for verneområdestyret innan 01.10.2023.

Tiltakshavar må innhenta naudsynt løyve til motorferdsel frå grunneigarane.

Dokumenter i saken


- Delegert sak 07.07.2022, Stølsheimen landskapsvernområde – Finnabotnen – motorisert ferdsel i samband med restaureringsarbeid i kulturlandskapet



Søknaden

I Finnabotnen er det ein gamal bål plass i strandsona. Det har vore planlagt i fleire år å rydda opp i denne bål plassen, og restaurera strandlinja. Dette vart planlagt og avtalt med grunneigar i 2022. Då var det ei gravemaskin i området i samband med restaurering av brua over Botnaelvi. Det vart ikkje tid til oppryddingsarbeidet i fjor haust. Dette arbeidet er difor planlagt gjennomført i mai 2023. Nils Kvamme er prosjektleiar for tiltaket, og har avtale med entreprenør med gravemaskin til gjennomføring av gravearbeidet.

Gravemaskina skal fraktast med båt til Finnabotnen. Gravemaskina skal køyrast i nedkant av innmarka til bål plassen. Oppryddinga skal gjerast ved å flytte steinmassar tilbake i hola som er brukt til brenning av materiale.



Figur 1 Kart med markering av bru og bål plass. Kopi frå Fylkesatlas

Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift for Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.1990
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 – 2017



Verneforskrift og verneformål

Føremålet i Stølsheimen landskapsvernområde er definert i verneforskrifta punkt III: «Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske». Vidare seier reglane i forskrifta at motorferdsle på land og innsjøar, og landing med luftfartøy er forbode, jf. pkt. IV nr. 4. Verneområdestyret kan gje løyve til «naudsynt transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene, transport av materiale og utstyr i samband med bygging, transport i samband med jakt, og elles når særlege grunnar ligg føre» jf. pkt. VI nr. 6.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Bruk av motorisert køyretøy er i utgangspunktet ulovleg i verneområdet, og skal avgrensast til det som er naudsynt. Søknaden gjeld bruk av gravemaskin til opprydding av tidlegare bålplass. Verneforskrifta opnar for bruk av motorisert køyretøy når særlege grunnar ligg føre. Opprydding i standsona vil vera positivt for verneverdiane i Stølsheimen landskapsvernområde. Tiltaket er vurdert å vera i tråd med det forvaltninga kan gjennomføra som skjøtselstiltak. Grunneigarane i Finnabotnen er positive til tiltaket. Forvaltar vurderer tiltaket som ei kurrant sak som kan behandlast som delegert vedtak.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan, skjøtelsesplan for Finnabotnen, og NiN-kartlegging av området (NiN Basiskartlegging 2021). Forvaltninga skal vurdere om det er nok kunnskap om naturmangfaldet for å vurdere saka, jf. nml. § 8. Innmarka i Finnabotnen er registrert som semi-naturleg eng, ein sårbar naturtype (Naturbase 08.07.2022). Bruk av motorisert køyretøy skal vera i utkanten av innmarka, og vil i liten grad føra til skade på innmarka. Kunnskapen er vurdert som god i denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka.

Forvaltninga skal vurdere den samla belastinga av tiltaket på økosystemet jf. nml § 10. Tiltaket er vurdert som positivt for kulturlandskapet og verneverdiane i Stølsheimen landskapsvernområde. Bruk av gravemaskin for å gjennomføra tiltaket vil vera avgrensa til nokre dagar, og vil gje liten verknad på landskapet. Maskina skal fraktast ut att av området straks arbeidet er utført. Det er viktig å ta omsyn til dei strenge reglane for motorferdsel slik at omfanget av uro for folk og dyr blir minst mogleg. Arbeidet må leggjast til eit tidsrom når det er fleire dagar med lite nedbør, slik at det vert minst mogleg spor i terrenget og på innmarka når maskina vert køyrt til bålplasen. Forvaltar vurderer den samla belastninga tiltaket vil ha på området og økosystemet som liten.

Nml. § 11 er ikkje vurdert i denne saka, då tiltaket lite truleg vil føra til miljøforringing. Gravemaskina som skal brukast er ei mindre maskin på 1–2 tonn. Gravemaskinføraren har arbeidd i verna natur tidlegare, og kan vise til godt resultatet med god natur- og landskapstilpassing ved bruk av gravemaskin. Bruk av gravemaskin til arbeidet i dette tiltaket er vurdert som ein miljøforsvarleg metode jf. nml. § 12. Gravemaskinførar må gjennomføra arbeidet på ein slik måte at det ikkje er fare for lekkasje av olje eller drivstoff.



På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til bruk av gravemaskin til opprydding av bål plass.

Informasjon om klagerett

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Anbjørg Nornes
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland
SNO Aurland
Vik kommune

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

Postboks 134

6891

VIK I SOGN



**Stølsheimen
verneområdestyre**

Postadresse
Stølsheimen verneområdestyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Fjordsenteret
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3129
sfvlpost@statsforvalteren.no
www.nasjonalparkstyre.no/Stølsheimen

STIFTELSEN NORSK INSTITUTT FOR NATURFORSKNING NINA
Postboks 5685 Torgarden
7485 TRONDHEIM

Sakshandsamar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2023/6001-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 20.04.2023

Svar på søknad - Stølsheimen landskapsvernområde - dispensasjon for kartlegging av vegetasjon overvåkingsprogrammet "Arealrepresentativ naturovervåking" (ANO) - 2023

Viser til søknad frå dykk om løyve til merking av analyseruter og uttak av små mengder plantemateriale i samband med overvåkingsprogrammet «Arealrepresentativ naturovervåking».

I Stølsheimen landskapsvernområde er det forbod mot all verksemd og alle inngrep som vesentleg kan endre landskapets art eller karakter. Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er «...å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske» jf. verneforskrifta punkt III.

Tiltaka de skal gjennomføra er å setja ned 36 fastmerke som er små aluminiumsrøyr på 1 cm i diameter, og 5-10 cm lange. Merka skal stikkast ned i jorda, og vil vera lite synlege. Dette er små inngrep som eg vurderer ikkje vil gje vesentleg verknad på landskapets art eller karakter, og er difor ikkje søknadspiktig etter verneforskrifta. Det er ikkje forbod mot å ta ut små plantedelar frå landskapsvernområdet. Tiltaket dykkar er difor vurdert til ikkje å vera søknadspiktig, og de kan gjennomføra overvåkingsprogrammet som planlagt.

Overvåkingsprogrammet har stor interesse for verneområdestyret for å auka kunnskapen om verneområdet, og vi ynskjer difor å få tilsendt rapporten frå overvåkingsprogrammet.

Med helsing

Anbjørg Nornes
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Statsforvaltaren i Vestland
SNO Aurland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER



Arkivsaksnr: 2023/4541-0

Sakshandsamar: Ivar Optun Andersen

Dato: 20.04.2023

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|------------------------------|-----------|------------|
| Stølsheimen verneområdestyre | 11/23 | 28.04.2023 |

Stølsheimen landskapsvernområde - Åsedalen - ny bru

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev Bergen og Hordaland Turlag løyve til å etablera heilårsbru som erstatning for den gamle sommar-brua som ligg over elva i Åsedalen i dag. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Brua og fundamenta skal ha same storleik og utforming som synt på vedlagt skisse.
- Lengde på brua skal vera inntil 7 meter, støypt brufundament i betong på kvar side av brua kan ha ein høgde på inntil 50 cm. Dersom det er mogleg, skal betongfundamentet blendast med stein.
- Det kan byggjast trappetrinn av stein i overgangen mellom terreng og bru. Det kan plukkast supplerande steinar i nærområdet til utforming av trapp og blanding av betongfundament.
- Det skal nyttast flammebehandla kjerneved av furu som spennbjelkar, saman med ubehandla kjerneved av furu som toppdekke.
- Rekkverket skal vera i stål med kjetting mellom stolpane.
- Vert storleik eller utforming endra må det sendast ny søknad til Stølsheimen verneområdestyre.
- Terrenginngrep skal avgrensast til det som er naudsynt for å få bygd ny heilårsbru over bekken til Åsedalen.
- Bergen og Hordaland turlag skal melda ifrå til Stølsheimen verneområdestyre før oppstart av tiltaket.
- Tiltaket skal vera gjennomført og slutført innan 30. november 2023.
- Det skal sendast rapport med bilde av tiltaket innan 01.12.2023 til sekretariatet for verneområdestyret.

Dette løyvet er berre vurdert etter verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde. Tiltakshavar må ta kontakt med Vik kommune for å avklare eventuelt løyve etter anna lovverk.



Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om ny bru ved Åsedalen turisthytte, *Bergen og Hordaland Turlag*, 17.03.2023 og 20.04.2023.

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017
- Naturmangfaldlova 19. juni 2009

Søknaden

Bergen og Hordaland turlag ønsker å sette opp helårsbro som erstatning for den sommerbroen som er der nå.

Den nye broene blir et mye penere inngrep enn den gamle, den vil også være mulig å benytte hele året og sikrer trygg ferdsel over elven. se bilder.

Vedlagt signert avtale med grunneier.

Den nye broen:

- *Det må etableres et lite fundament på hver side av elven ca 20 cm høyde.*
- *Overgang bro til terreng ønsker vi å løse med enkle trappetrinn utført med stein fra stedet.*
- *Ny bro i fortannet spennbjelke med et litt buet spenn på ca 15 cm, bjelkene er utført i furu kjerneved som er flammebehandlet, som er en gammel impregneringsteknikk. Toppdekket er ubehandlet furu kjerneved, gangbane får en bredde på 100 cm, rekkverk er enkle stolper i stål med kjetting mellom, dette er løst og tas ned i vintersesongen.*

Framdrift:

- *Juni 2023 – befaring på plassen og oppstart med fundamentering.*
- *August/september 2023 – montering ny bro.*

Bergen og Hordaland Turlag (BHT) har på førespurnad frå forvaltar sendt meir detaljar på utforminga av brua og brufundament. Brua skal ha ein lengde på 7 meter. Det skal støypast brufundament på inntil 50 cm. på kvar side av elva. Frå terreng til bru skal det byggjast enkle trappetrinn av stein. Steinane ynskjer dei å plukke frå nærområdet.



Figur 1. Eksisterande sommarbru til Åsedalen




Broenes plassering:

<https://norgeskart.no/#!?project=norgeskart&layers=1003&zoom=16&lat=6790786.68&lon=25657.46&markerLat=6790786.6823733905&markerLon=25657.462875953428&p=searchOptionsPanel>



Figur 2. Omtrentleg plassering av brua til Åsedalen



Figur 3. Skisse av brua



Ny bro montert over elven Moldåni ved Hallingskeid 18 august 2022.



Ny bro montert over Dårlielven i Stølsheimen 11 juli 2018.



Ny bro montert over Blankelvi i Bergsdalen 10 juli 2020.



Figur 4. Bilete av liknande bruer



Lovgrunnlaget

«Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske» jf. pkt. III i verneforskrifta. Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter jf. punkt IV nr.1. Vanleg vedlikehald på eksisterande anlegg kan gjennomførast. Vedlikehaldsarbeid som medfører terrenginngrep og større utbetningsarbeid på bruer er ikkje omtalt i dispensasjonsreglane i verneforskrifta, og må vurderast etter naturmangfaldlova (nml) § 48; *Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig...».*

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Brua sør for DNT-hytta i Åsedalen er viktig for ferdselen til inn til hytta. Den eksisterande brua har ikkje rekkverk, noko som gjer brua lite egna for bruk om vinteren. I verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde er det opning etter pkt. IV nr. 6. til «*Vanleg vedlikehald av eksisterande anlegg, merka turiststigar, vegar, kraft- og telefonliner og vanleg vedlikehald av bygningar med tradisjonelle materialar.*». Tiltaket med bygging av ny heilårsbru er ikkje vanleg vedlikehald, og må vurderast som særskilt tiltak. Brua over elva i Åsedalen er eit viktig tryggingstiltak for turgåarar og landbruket for å kunne nytta området. Dagens bru er utan rekkverk. Med rekkverk på ny bru vert brua tryggare enn den som er der i dag. Forvaltar vurderer at det er heimel for å vurdere denne søknaden etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Kunnskapen om området er kjend gjennom forvaltningsplanen og besøksstrategien for Stølsheimen landskapsvernområde. I besøksstrategien for Stølsheimen landskapsvernområde er Åsedalen eit av områda som toler auka ferdsel. Målet er å betre tilrettelegging for å kanalisera ferdselen. Det er ikkje registrert sårbare artar eller naturtypar i nærleiken av brua i Åsedalen (Naturbase 03.04.2022). Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i denne saka.

Forvaltninga skal vurdere den samla belastninga eit tiltak kan få på naturverdiane i området jf. nml. § 10. Brua vert løfta opp frå bakken med eit 20 cm. høgt fundament på fast fjell, bruspennet er på 7 meter, overgangen mellom terrenget og brua vert løyst med ei steintrapp med stadeigen stein. Ubehandla og flammebehandla kjerneved av furu vert nytta som brumaterial, saman med stål stolpar med kjetting mellom som rekkverk. Etablering av ny bru vil ikkje føre til store endringar i området, og vil truleg ikkje gje auka belastning på området etter tiltaket er gjennomført. Derimot vil det auke tryggleiken ved passering av elva.

Bergen og Hordaland turlag har kome fram til den beste løysinga og plassering for bru over bekken til Åsedalen. Under vårløysinga kan det koma store ismassar frå bekken, difor er brua plassert over eit juv. Brua vert konstruert med flammebehandla kjerneved av furu, rekkverket vert med stolpar i stål med kjetting mellom. Flammebehandlinga er ein gamal



impregneringsteknikk og rekkverket vert eit ekstra tryggingstiltak. Steinmuring er eit betre miljømessig alternativ til brufundament enn betong. I området der brua skal plasserast, vil det vera vanskeleg å sikre brufundament av stein. Betongfundament vert difor vurdert som det tryggaste alternativet på denne staden. Betongen bør blendast med steinar dersom det er mogleg. Brua og utføringa av tiltaket som er valt, er vurdert som ein god miljømessige metoden jf. nml. § 12. Det er lite truleg at tiltaket vil føre til miljøforringing, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

Konklusjon

På bakgrunn av vurderingane etter nml. §§ 8-12 og verneforskrifta, meiner forvaltar tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet og vil ikkje påverka naturverdiane negativt. Forvaltar vurderer det er heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ til å gje løyve til bygging av ny heilårsbru i Åsedalen.